



Deloitte AS
Damsgårdsveien 135
5162 LAKSEVÅG

Dato: 03.04.2017
Vår ref.: 2014/10505-20
Dykkar ref.:

Melding av val av revisor for Hordaland fylkeskommune for perioden 01.07.2017 til 30.06.2021

Vi takkar for dykkar tilbod i den ovannemnde konkurransen.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har gjennomført anbodskonkurranse på kjøp av revisjonstenester for Hordaland fylkeskommune.

Det kom eit tilbod frå Deloitte AS innan tilbodsfristen som var sett til 23.11.16.

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har i møte 13.02.2017 gjennomgått tilbodet og gjort innstilling til fylkestinget som gjorde slikt vedtak i sak PS 25/17 i møte 08.03.2017:

«Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2017 til 30.06.2021.»

I ordskiftet vart det stilt spørsmål om kontraktslengde ift. regionreforma. Det vart då opplyst om at det i konkurransegrunnlaget vedlegg A, forslag til avtale punkt 13 m.a. står dette:

«KUNDEN tek særskilt atterhald om endringar i omfang av avtalen og i KUNDEN sin organisasjonsstruktur som følgjer av resultat av regionreforma.»

Tilbodet er vurdert etter dei oppgitte tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget, som inneber at kontrakt skal tildelast den som har gjeve det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, basert på følgjande tildelingskriterium:

Nr	Tildelingskriterium	Vekt
1	Pris (fastpris og timepris)	40 %
2	Løysing og forståing av oppdraget	35 %
3	Kompetanse og erfaring	25 %

Deloitte AS sitt tilbod vert vurdert som sær godt på løysing og forståing av oppdraget, med gjennomgåande god skildring av arbeidsmetodikk og rutinar. Vi vil framheve at dei i tilbodet, på ein sær god måte, har fått fram korleis dei i stor grad vil involvere kontrollutvalet i sitt arbeid. Det vert m.a. trekt fram at dei vil diskutere risikoforhold med utvalet. Vidare har dei på ein god måte fått fram korleis dei ser ulikskapar i rutinar mellom etatar og problemområde i gråsona mellom rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Dei har også skildra metodikk for korleis dei vil løyse oppgåvene med rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll på ein måte som gjev tryggleik for at revisjonen vil bidra til forbetring i fylkeskommunen.

Vidare har dei skildra sin metodikk for avdekking av misleghald, kvalitetssikring som vert spesifikk for oppdraget, områder som kan vera aktuell for forvaltningsrevisjon og forslag til samarbeidsmodell på ein sær s god måte.

Totalt sett skildrar Deloitte AS sitt tilbod på ein sær s god måte, med fokus på fylkeskommunen og kontrollutvalet sitt behov, noko som gjev meirverdi.

Deloitte AS vert også vurdert som sær s god når det gjeld kompetanse og erfaring. Alle tilbydde ressursar har lang erfaring frå revisjon i kommunal sektor og det er skapt god tryggleik for at alle relevante delar av revisjonen vil verta dekkja på ein sær s god måte.

Vi vil ta kontakt for å avtale underteikning av kontrakt.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.